

Kommunal- og distriktsdepartementet  
Olje- og energidepartementet

Bergen 24.02.23

## Uttale til forslag til endringar i energilova og plan- og bygningslova

Som Noregs største friluftslivsorganisasjon har Den Norske Turistforening eit stort ansvar for å bidra til å ivareta friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag. Intakt natur og velfungerande økosystemtenester er grunnlaget for gode naturopplevingar for oss og framtidige generasjonar. Naturforvaltning er derfor ein vesentleg del av DNT si kjerneverksem, og vi ynskjer å bidra til å redusere naturinngrep og naturtap forårsaka av produksjon og overføring av energi.

### Generelle kommentarar

DNT viser til høyring av forslag til lovendringar for innlemming av vindkraft på land i plan og bygningslova. Lovendringane skal svare på bestillinga frå Stortinget i 2020 som hadde til hensikt å gje kommunane meir kontroll i saker om vindkraftutbygging. Det kjem og fram av høyringsnotatet at mål om effektive prosessar og omsynet til å unngå dobbel handsaming har stått sentralt i departementa sine forslag.

DNT er av den oppfatning at høyringsnotatet ikkje svarar ut dette på ein god måte, og at mange av forslaga ikkje verkar tilstrekkeleg gjennomarbeidd. Fleire av endringsforsлага er dårlig grunngjeve, konsekvensar av forslaga er mangelfullt utgreidd og tiltenkt ny praksis og prosess er ikkje forklart. Vidare inneber forslaga frå regjeringa eit svært avgrensa handlingsrom for kommunane, og ikkje tilfredsstillande innsyn og medverknad i avvegingar av natur- og miljøinteresser ved lokalisering og utforming av vindkraftanlegg.

Naturkrisa samfunnet no står i gjer at krav til innsyn, konsekvensutgreingar, kost-nytte-vurderingar og vektlegging av natur er i ferd med å bli innskjerpa i alle utbyggingssaker. Departementa sitt forslag til ny handsaming av vindkraftverk er i så måte ikkje i tråd med samfunnsutviklinga.

DNT meiner at lovforsлага må sjåast i lys av alle systemendringar som har følgt av vindkraftmeldinga (Meld. St 28 (2019-2020)). Her under nytt kunnskapsgrunnlag, ny mal for utredningskrav, ny mal for vilkår for anleggskonsesjonar med meir. Saman med lovendringane må dette forståast som ein samla, men ikkje komplett konsesjonsrevisjon, der alle notata og regelverksendringane er uløyseleg knytt saman. DNT har derfor valt å kommentere forhold ut over det som formelt er på høyring.

Uttalen er delt i to, først med merknader til dei konkrete lovforsлага, og deretter med øvrige innspel til korleis konsesjonsprosessen for vindkraft på land kan styrke omsyna til sårbar natur og viktige friluftslivsområde.

### Oppsummerte innspel:

- Vindkraft på land må fullstendig integrerast i plan- og bygningslova
- Det må utarbeidast vindkraftforskrift med prosesskrav, sakshandsamingsreglar og skrankar for naturinngrep
- Energilova må gjennomgå revisjon
- Konsekvensutgreingane må bli betre
- Naturmangfoldlova må etterlevast

## Del 1: Merknader til lovforsлага

### Pbl. § 12-1. nytt tredje ledd, fjerde punktum. Reguleringsplan

Nytt tredje ledd, fjerde punktum innebefører at vindkraftanlegg på land skal avklarast i kommunen gjennom områderegulering. Ordlyden i forslaget er at: *Områdereguleringen skal fastsette de overordnede arealmessige forutsetningene som er relevante for beslutningen om arealbruk for vindkraftanlegget.*

Vidare kjem det fram av merknaden til lovendringa at detaljeringsnivået skal avgrensast til å ange ytre arealbruksgrenser og tilkomstveg, samt føresegner om synlegheit av turbinar frå bestemte kartfesta område, høgde, inngrepstilfelle område og andre overordna krav, men at kommunen **ikkje** skal kunne stille krav til plassering av internvegar, turinpunkt, dimensjonar på turbinar og andre detaljar. Dette er detaljar som skal avklarast i konsesjonsprosessen og etterfølgende planer (MTA/detaljplan) etter energilova som før.

DNT finner fleire utfordringar ved ordlyden og den tiltenkte praksisen.

#### Forholdet til overordna plan

Prinsipielt så meiner vi at overordna vurderingar av fordelar og ulemper ved ressursutvinning og kraftutbygging i høve ynskja samfunnsutvikling for den enkelte kommune bør ligge til kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanens arealdel, ikkje til konsesjonsprosessen.

I forbindelse med den samfunnsøkonomiske vurderinga av fordelar og ulemper ved konsesjonstildeling etter energilova, så etterspør vi høgare vektlegging av natur-, kultur-, og friluftslivsverdiar. Vi meiner derfor at den samfunnmessige vurderinga bør gjennomførast i samband med kommuneplanen sin samfunns- og arealdel, og i tråd med kommunen sin samordningsplikt etter plan- og bygningslova.

Derfor bør ein legge til grunn full integrering i plan- og bygningslova, ikkje avgrensa områderegulering for handsaming av vindkraftanlegg. Avgjerdsla om å bygga ned vesentlege areal, og potensielt viktige natur-, kultur- og friluftslivsverdiar bør gjerast i samband med grundige og demokratiske prosessar der fordelar og ulemper blir sett i kontekst med andre utbyggingar, sumverknader og lokale og regionale behov.

#### Innsyn og medverknad tidlegare i prosessen

Det gamle konsesjonssystemet gav liten innsikt i detaljane i utbygginga, altså dei faktiske naturinngrepa og utbyggingstiltaka før seint i prosessen (ved MTA/detaljplan). Dette har vore kjelde til lite føreseielegheit, mange endringsforslag og høgt konfliktnivå i mange saker. Høyringsforslaget opprettheld praksisen med at MTA/detaljplan skal utarbeidast og sendast på høyring først etter vedtak om områdeplan og tildeling av konsesjon.

DNT meiner tidlegare innsyn i naturinngrep og utbyggingstiltak, samt usikkerheitsfaktorar og potensielle endringar ved endeleg utbygging er vesentleg å få på bordet tidleg i prosessen. Dette vil gje betre innsikt i potensielle arealkonflikter, bidra til betre føreseielegheit og betre reel avdekking av konsekvensar ved utbygginga. **Dette kan løysast gjennom detaljert reguleringsplan etter plan- og bygningslova, og/eller gjennom forankring av strengare krav til detaljering og prosjektskildring i meldingsfasen etter energilova.** Sjå meir om sistnemte under *Revisjon av energilova*

Tida då vindkraftbransjen stod i særstilling og ikkje kunne fastslå plassering av turbinar av omsyn til teknologiutvikling og vindmålingar med meir, før i siste fase før utbygging må seiast å vere forbi. Når utbyggingsfristen no er nede i fem år er det på tide at utbyggjarane i større grad klarar å ta stilling til

turbinleverandør, trasé for internvegar, og andre arealavklaringar før offentleg høyring av konsesjonssøknaden og planframlegget.

#### **Mangelfull avklaring av overordna arealmessige føresetnader**

DNT er kritiske til den føreslegne innskrenkinga av områdeplan som planverktøy. Å spesifisere gjennom tillegget til pbl § 12-1 at reguleringa skal gjelde *overordna arealmessige føresetnader* bryt med eksisterande planform og praksis for områderegulering, og innskrenkar sterkt plan- og miljømyndighetene sin moglegheit til å stille krav til natur-, kultur- og friluftslivsomsyn.

Høyringsforslaget avklarar ikkje kva som er ansett som overordna i pbl. §§ 12-5, 12-6 og 12-7 (henhaldsvis arealføremål, omsynssoner og føresegner), og vertskommunen sin påverknadsmoglegheit over reguleringsplanen er såleis uavklart. Det er svært uheldig og slett ikkje konfliktdempande om dette er forhold som skal avgjerast gjennom praksis i framtidige saker. DNT meiner det må utarbeidast betre avklaring og rettleiing i høve kva føremål og føresegner som kan avgjerast i reguleringsplan og kva som skal ligge til konsesjonsprosessen og MTA/detaljplan. Vi etterspør eit tydelegare skilje mellom arealmessige avklaringar etter pbl. og energimessige og driftstekniske avklaringar etter energilova. Herunder må det kome fram kva tiltak som skal innunder/eller skal unntakast byggesakshandsaming etter pbl.

#### **Pbl. § 12-1. nytt tredje ledd, femte punktum. Vindkraftforskrift**

Nytt tredje ledd, femte punktum i pbl § 12-1 opnar for at departementet kan gje forskrift om samordning mellom planprosessen etter plan- og bygningsloven, og konsesjonsprosessen etter energilova. DNT meiner ei slik forskrift er avgjerande for om det nye konsesjonsregimet skal lukkast, og forskrifa bør utvidast til å bli ei vindkraftforskrift som tek føre seg sakshandsamingsreglar, samordningsprosess, kriterium og skrankar for natur-, kultur-, og friluftslivsomsyn. Fleire av våre øvrige merknader bygger på at langt fleire av dei nye standardane og vilkåra som NVE har utarbeidd i kjølvatnet av vindkraftmeldinga (Meld. St. 28 (2019-2020)) bør forankrast i ei slik forskrift. Det vil gje større legitimitet, føreseielegheit og ryddigare klagehandsaming. Dette meiner vi vil bidra til å redusere konfliktar og auke tilliten til forvaltingssystemet knytt til vindkraft på land. Derfor foreslår vi at ei slik forskrift umiddelbart må utarbeidast og sendast på høyring. Inntil forskrifa er iverksett bør ein ikkje ta opp nye saker til handsaming.

**Forslag til merknad/ny ordlyd: Pbl § 12-1 tredje ledd, tredje punktum og nytt fjerde og femte punktum:** [...] *Krav til reguleringsplan gjelder ikke for konsesjonspliktige anlegg for produksjon av energi etter energiloven, vannressursloven eller vassdragsreguleringsloven, med unntak av konsesjonspliktige vindkraftanlegg på land etter energiloven, som må ha områdereguleringsplan. Departementet kan gi forskrift om samordningen mellom reguleringsplanprosessen for vindkraftanlegg og konsesjonsbehandlingen etter energiloven. Forskriften skal også ivareta hensyn til viktige og sårbare natur-, kultur-, og friluftslivsområder.*

#### **Pbl § 12-18. Endringsadgang**

Den nye bestemmelsen avgrensar kommunen sin adgang til å endre gjeldande områderegulering for vindkraftanlegg frå det tidspunkt det er sett i gang søknadsprosess for konsesjon etter energilova og fram til byggefristen som gjeld for konsesjonen er utløpt. Dette er grunngjeve med behov for føreseielegheit for utbyggjar, men inneber like fullt ei vesentleg innskrenking av kommunen sin rett til sjølvstyre og mogleheita til å oppheve eller endre reguleringsplan og gjere avbøtande tiltak om det framkjem nye opplysningar om til dømes natur- eller kulturverdiar. Denne mogleheita er ein etablert og viktig sikkerhetsventil i saker som får uføresette verknader eller for planer som går over lang tid og av forskjellige grunnar treng oppdatering.

Det kan ta lang tid frå det er søkt om konsesjon til konsesjonen faktisk vert tildelt. Forslaget slik det er formulert inneber at eit kommunestyre kan låse kommunen til ei avgjerd i lengre tid, utan at neste kommunestyre har høve til å endre heile eller deler av reguleringsplanen sjølv om dei skulle ynskje å omprioritere eller ivareta andre omsyn som skulle oppstå.

DNT meiner derfor det vil vere meir føreseieleg og hensiktsmessig om endringsavgrensinga gjeld frå *tildelinga* av konsesjon, heller enn frå *søknad* om konsesjon. Dette vil korte ned tida kommunen vert forplikta, samstundes som utbyggjar får beholde føreseieleghet i frå den tida dei største utbyggingskostnadene byrjar å løpa. Byggefristen frå konsesjon er tildelt er 5 år.

**Forslag til merknad/ny ordlyd:** *Områdereguleringer for vindkraftanlegg der det er søkt om tildelt konsesjon etter energiloven kan ikke oppheves eller endres på vesentlig måte før byggefristen som gjelder for konsesjonen er utløpt, uten etter samtykke fra departementet. Slik samtykke kreves ikke dersom det er tiltakshaver som søker eller fremmer forslag om endring av reguleringsplanen.*

#### Pbl. § 3-7 Nytt fjerde ledd. Samordning

Departementa har særskild bede om innspel i høve forslaget om å gje NVE ei utvida rolle i planhandsaminga etter samråd med kommunen, til å legge planframlegget ut på høyring og offentleg ettersyn etter pbl. § 3-7. Dette for at planprosessen og konsesjonsprosessen skal kunne gå parallelt fram til endeleg vedtak

DNT støtter at NVE bør kunne organisere og koordinere høyringsprosessen. Vi meiner imidlertid at forslaget er mangelfullt utgreidd med tanke på gjennomføring og ansvarsfordeling mellom myndighetene. Det er viktig å ha eit avklart skilje mellom kommunen som planmyndighet og NVE som konsesjonsmyndighet. Dette for å unngå samarbeidsutfordringar, og for å sikre lik sakshandsaming over heile landet.

Med dagens ordlyd om *samråd* ser vi potensiale for ulik praksis og handsaming frå kommune til kommune (at NVE styrer planprosessen i ein kommune, og kommunen sjølv i ein anna). Dette kan slå ut som ulik vektlegging av og omsyn til viktige natur-, kultur- og friluftslivsverdiar. Vi vurderer og at det føreligg ein risiko for at NVE kjem i situasjonar der dei ser seg nøyd til å stilla motsegn til kommunen sitt framlegg. Det er derfor avgjerande at samordninga blir så dynamisk og føreseieleg som mogleg, med tydelege sakshandsamingsreglar og inkluderande prosessar.

I ny *forskrift for vindkraft på land* bør det slås fast at kommunen minimum skal ha sak om vindkraft oppe til politisk handsaming i oppstartsfasen, og ved endeleg vedtak av plan. Vidare bør det avklarast tydelegare korleis kommunen skal ta stilling til planprogram og utgreiingsprogram, og i neste omgang, planframlegget med plankart, KU, ROS, føresegner og så vidare.

Vi anerkjenner hensikta bak overføring av myndighet til NVE som det å avlaste små kommunar med potensielt mange interessekonfliktar og gildskapsproblematikk. NVE har lang erfaring med konsesjonsprosessen, og gode føresetnader for å opparbeide seg plankompetanse, samt moglegheit til å stille konsistente miljøkrav til vinkraftsaker over heile landet. Samstundes meiner DNT at lista for å gje løyve for vindkraftutbygging bør leggast betydeleg høgare gjennom kriterium og skrankar for naturinngrep som må respekterast uavhengig av kven som koordinerer prosessen.

Også uavhengig av kva myndighet som skal koordinere prosessen så vil det vere naudsynt med tilførsel av meir ressursar og kompetanse. For kommunane sin del minimum i form av tilgang til rådgiving om konsesjonsprosessen, energilova og kommunen sitt handlingsrom.

**Forslag til merknad:** Ordlyden i pbl § 3-7 nytt fjerde ledd må endrast og ansvarsfordelinga mellom myndighetene må tydeleggjeraast i **forskrift** jf § 12-1 nytt tredje ledd femte punktum.

Pbl § 6-4 fjerde ledd (tredje ledd siste pkt. blir nytt fjerde ledd): Departementets vedtak om statlig arealplan kan ikke påklages

I høyringsnotatet kapitel 15 påpeikar KDD at det ikkje er klagerett på statlege arealplanar, uavhengig av kva prosess som har vært følgt i utarbeidinga av planen. Dette er eit omstridd spørsmål. Med bakgrunn i at reguleringsplan er å rekne som eit enkeltvedtak, meiner vi at det skal vere klageadgang på statleg reguleringsplan i tråd med vanleg praksis for reguleringsplanvedtak, og at dette bør komme fram av lovteksten.

I gjeldande lovtekst § 6-4 tredje ledd er det stadfesta at departementets vedtak om statleg plan i samband med konsesjonssaker ikkje kan klagast på:

*«Departementet kan i den enkelte sak bestemme at endelig konsesjon til kraftproduksjonsanlegg etter energiloven, vannressursloven eller vassdragsreguleringsloven uten videre skal ha virkning som statlig arealplan. Departementets vedtak etter dette ledd kan ikke påklages».*

Ved å innføre eit nytt og frittståande fjerde ledd vil ein generelt slå fast at det ikkje er klageadgang på verken statleg kommuneplan eller statleg reguleringsplan i nokon saker.

Tilsvarande forslag var fremja i høyringsnotat frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet i 2021 som omhandla fortetting, transformasjon og utbyggingsavtalar.

Vår vurdering no som den gang er at departementet sitt forslag har for stor prinsipiell betydning til at ei slik vesentleg endring bør innførast utan ei meir grundig utgreiing og handsaming. Vi viser til vår høyringsuttale frå 2021: [Alminnelig høring av forslag til endringer i plan- og bygningsloven \(fortetting, transformasjon, utbyggingsavtaler mv\) - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/dokumenter/alminnelig-horing-til-endringer-i-plan-og-bygningsloven-fortetting-transformasjon-utbyggingsavtaler-mv)

## Del 2: Forslag til forbetingar av konsesjonssystemet

Som nemnt i innleiinga ynskjer DNT i denne uttalen også å komme med øvrige innspeil til korleis konsesjonsprosessen for vindkraft på land kan styrkast.

Stortingsmeldinga i frå 2020 (Meld. St 28 (2019-2020)) -*vindkraft på land*, med tilhøyrande ammodningsvedtak, slår fast at miljø skal vektast tyngre i framtida enn det har vorte gjort under det gamle regelverket. Krava for konsekvensutgreiingar og kunnskapsgrunnlag har blitt styrka, og derav faktagrunnlaget for å kunne ta informerte avgjersler, men det nye konsesjonssystemet manglar framleis mekanismar som sikrar at natur- og miljøomsyn vil bli avgjerande for framtidige vindkraftutbyggingar. Derfor meiner DNT at naturen treng betre rettsvern gjennom revisjon av energilova, med innføring av skrankar og klåre kriterium for kva naturinngrep og konsekvensar vi ikkje kan akseptere, samt konkrete vilkår og retningslinjer for avbøtande tiltak i dei tilfella det blir godkjent utbygging.

I tillegg er det viktig at demokratiske prosessar og moglegheit for reell medverknad ikkje svekkast, men styrkast. Her under må særleg natur- og miljøverdiane i eit kvart prosjekt kome godt fram, inklusive negative konsekvensar og sumverknad/samla belasting. Eit godt verktøy for dette er forbetra kunnskapsgrunnlag, forbetra konsekvensutgreiingar, klåre rutinar for sakshandsaming og føreseeielege planprosesser. Vidare må naturmangfaldlova i mykje større grad enn i dag nyttast og etterlevast i alle vedtaksførebuande vurderingar.

DNT meiner fylgjande grep vil bidra til å oppnå eit meir tillitsvekkande og heilskapleg konsesjonssystem enn dagens.

### Revisjon av energilova

Stortinget må snarast be regjeringa revidere energilova. Energilova er opphavleg tiltenkt som eit styringsverktøy for drift og tilsyn av elektriske anlegg. Lova er ikkje ført i pennen for å forvalte areal. Likevel ligg lova til grunn for energianlegg som beslaglegg store naturområde i Noreg og grip inn i mange kommunar og grunneigarar sin arealdisponering. Dette er krevjande og tidvis konfliktfylt, dels grunna mangel på sakshandsamingsreglar og retningslinjer for medverknad, og dels grunna usemje om vekting av natur kontra andre samfunnsinteresser. Det er på høg tid energilova vert oppdatert og styrka med prosesskrav og skrankar for naturinngrep.

Vi viser til NVE sin egen anbefaling om innføring av fleire lovheimlar for deira virke og praksis i rapport nr 3 av 2020 om konsesjonsprosessen for vindkraft på land. Denne rapporten inneholder fleire anbefalingar og grep for styrking og betring av konsesjonsprosessen som kan bidra til betre prosessar og vurderingar av samfunnsverdiar og naturomsyn.

### Tidlegare detaljering og innsyn i prosjekta må sikrast gjennom lovheimel eller forskrift.

DNT meiner tidlegare innsyn i naturinngrep og utbyggingstiltak, samt usikkerheitsfaktorar og potensielle endringar ved endeleg utbygging er vesentleg å få på bordet tidleg i prosessen. Dette vil gje betre innsikt i potensielle arealkonflikter, og betre reel avdekking av konsekvensar ved utbygginga. **Dette kan løysast gjennom detaljert reguleringsplan etter plan- og bygningslova, og/eller gjennom forankring av strengare krav til detaljering og prosjektskildring i meldingsfasen etter energilova**

Meldingsfasen regulerast av plan- og bygningslova sine reglar om konsekvensutgreiingar og er ikkje underlagt særlege reglar i energilovgivinga. NVE sitt notat med *forslag til mal for nye utredningskrav for vindkraftverk på land*<sup>1</sup> kap 6.2 frå mai 2022 legg opp til strengare krav og tydelegare føringar for

<sup>1</sup> [https://www.nve.no/media/14070/forslag-til-mal-for-ku-krav-3997281\\_7\\_0.pdf](https://www.nve.no/media/14070/forslag-til-mal-for-ku-krav-3997281_7_0.pdf)

synleggjering av innhald og utforming av prosjekta i meldingsfasen. Men, utredningsmalen er ikkje juridisk forankra og det er uklårt kva påverknadsmogleheit kommune og sivilsamfunn vil ha for den endelege utforminga av MTA/detaljplanen. Derfor er det behov for at krav til skildring av planområdet i meldingsfasen blir forankra i lov eller forskrift, jamfør 12-1 nytt tredje ledd, femte punktum. Tiltaksskildringa må skilje mellom, og inkludere alle arealinngrep, komponentar og driftsføresetnader som ein utbygging av det aktuelle vindkraftverket kan medføre i anleggs- og driftsfasen. Her er det naturleg å sjå til NVE sitt forslag til mal for nye utredningskrav for vindkraft på land, kap. 6.2.

Dette vil sikre meir føreseielege prosessar, og i større grad sikre moglegheit for å ettergå prosessen i tilfelle der det oppstår konflikt eller klage. DNT meiner juridisk forankring av tidlegare detaljering er eit viktig tillitsvekkande tiltak.

### Forankring av MTA/detaljplan i energilova

Utarbeiding av MTA/detaljplan har vore ein relativt lukka prosess, med därleg forankra krav til innhald og utforming, liten moglegheit for påverkan, stort skjønnsrom og låg moglegheit for gjennomslag i klagesaker. Dette er særleg utfordrande all den tid vesentlege arealavklaringar blir avgjort i MTA/detaljplan. Innspellet må derfor sjåas i samanheng med innspel om forankring av tidlegare detaljering og innsyn i prosjekta gjennom reguleringsplan eller forskrift.

Ein heimel for MTA/detaljplan vil sikre meir demokratiske prosessar og gje betre føresetnader for NVE til å stille krav og vilkår til prosjekta. Det vil vere nærliggande å sjå til NVE sitt tidlegare forslag om heimel for MTA/detaljplan i energilova (NVE rapport nr. 3/2020, punkt 3.7.16).<sup>2</sup>

### Det må innførast heimel i energilova med kriterium for lokalisering og tidleg avslag

Vi vil framheve NVE sitt forslag frå 2020 om ein lovendring som gjev adgang til å avslå vindkraftsaker på eit tidleg stadium. Vurderingar av arealkonflikter som medfører grunnlag for tidleg avslag bør være juridisk forankra og baserast på fylgjande kriterium, uprioriterert:

- Store samanhengande naturområde med urørt preg
- Nasjonalt og regionalt viktige friluftslivsområde
- Landskap av nasjonal og vesentleg regional interesse
- Område i randsona til verneområde
- Område med over 20 % myr eller andre viktige naturtypar
- Villreinområde
- Område kvar raudlista artar blir skadelidande av vindkraftanlegg
- Område med konsentrert fugletrekk, samt viktige hekkeområde
- Viktige område for samisk reindrift og kultur

### Det må innførast kriterier i energiloven for tildeling av konsesjon

Stortinget bør be Regjeringa følgje opp anbefalinga frå NVE om å lovfeste minstekrav for tildeling av konsesjon. (NVE rapport nr. 3/2020, punkt 3.7.12). Ved å legge opp til at nokre kriterium alltid skal tilleggas vekt, meiner DNT at vi vil få betre føreseielegheit og mindre konflikt i dei enkelte sakene.

Basert på felles innspel frå fleire miljø- og friluftslivsorgaisasjonar i 2020 vil DNT oppretthalde fylgjande forslag til ein slik lovheimel i energilova:

*Konsesjon kan bare gis hvis fordelen ved tiltaket klart overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt. Skader og ulemper av andre tiltak som utføres*

<sup>2</sup> [https://publikasjoner.nve.no/rapport/2020/rapport2020\\_03.pdf](https://publikasjoner.nve.no/rapport/2020/rapport2020_03.pdf)

*i sammenheng med det omsøkte tiltaket skal tas med i vurderingen av om det bør gis konsesjon. Det skal også tas hensyn til andre skade- og nyttevirkninger av samfunnsmessig betydning.*

*I vurderingen av om konsesjon bør gis skal det særlig legges vekt på konsekvenser for friluftsliv, landskap, naturmangfold, samiske interesser, sammenhengende naturområder med urørt preg og samlet belastning. Hensynet til kommunale og regionale arealplaner skal vektlegges.*

## Andre innspele for å styrke konsesjonssystemet

### Konsekvensutgreiingane må bli betre

- Nye krav til utgreiingar må legge til grunn at det ofte er naudsynt med kartleggingar over tilstrekkeleg lange periodar, opptil fleire år, for å få eit godt nok kunnskapsgrunnlag.
- I eldre og tidkrevjande saker bør det gjerast ei grundig vurdering av om KU og kartleggingar er forelda og må oppdaterast før saka kan handsamast.
- Tilliten til konsekvensutgreiingane må gjenopprettast gjennom uavhengig KU, eller ved at miljømyndighetene kvalitetssikrar og gjev eige godkjenningsvedtak av KU før det kan tildelast konsesjon eller gjerast vedtak av områdeplan.

### Naturmangfaldlova må etterlevas

- Det bør kome tydeleg fram korleis dei miljørettslege prinsippa §§ 8-12 og § 14, andre ledd (omsynet til naturgrunnlaget for samisk kultur) i NML vert ivareteke i vurderinga av kvar enkelt sak der ein konsesjon blir tildelt.

### Med helsing

Dag Terje Klarp Solvang  
Generalsekretær  
Den Norske Turistforening

Siren Skråmestø Juliussen  
Rådgjevar, naturforvalting  
Den Norske Turistforening